

Kvam herad

KOPI

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kvam eldreråd	23.10.2009	032/09	KAWV
Kvam heradsstyre	10.11.2009	094/09	KAWV

Avgjerd av: Saksh.: Jon Nedkvitne	Arkiv: N-000 Objekt:	Arkivsaknr 09/583-29
--	---------------------------------------	--------------------------------

Forslag til forskrift om særskilde krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden-høyringsuttale frå Kvam herad

Samandrag:

Fiskeri- og kystdepartementet vil fastsetje krav til avkvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden.

Høyringsbrevet omhandlar fylgjande;

- Det geografiske og saklege verkeområdet for forskrifta
- Reglar om tak og biomasse
- Krav om godkjenning frå Mattilsynet ved flytting
- Krav til brønnbåtar

Hardangerfjorden har spesielle og særleine utfordringar, med mange lokalitetar og stor biomasse av oppdrettsfisk. Det har vore ei dobling av biomasse sidan 1997.

Samstundes er Hardangerfjorden av dei viktigaste fjordane for vill laksefisk i Hordaland. Tilstanden til laksebestanden er no vanskeleg, og sjøaurebestanden i midtre Hardangerfjorden er på eit lågt nivå. Det er fagleg semje om at lakselus og rømd oppdrettsfisk er av dei viktigaste årsakene til problema for villfisken.

Tal frå Fiskeridirektoratet viser at det ikkje på noko tidspunkt i 2008 stod meir enn 48 357 tonn fisk i Hardangerfjorden. Forslaget er at summen på løyve på selskapsnivå i frå 2011 ikkje skal overstige 50 000 tonn MTB (maksimalt tillate biomasse), noko som vil innebere ein reduksjon på ca 20 000 tonn MTB i høve til total tildelt produksjonskapasitet i fjordsystemet.

Kvam er ein av dei kommunane ved Hardangerfjorden, der akvakulturanlegga ligg tettast. Dette gjeld i stor grad laks og sjøaure, men det finst også innslag av torsk. I fjordbassenget i Kvam, vert det også dyrka blåskjel, medan det ikkje lengre er oppdrett av kveite i vår kommune. Mangfaldet er såleis relativt stort. Kvam herad er også ein av svært få kommunar i Hordaland, der oppdrettsnæringa omfattar både, settefiskanlegg, matfiskanlegg, slakteri for matfisk og visningsanlegg. Slik sett utgjør oppdrettsnæringa ei viktig næring for kommunen.

Pkt 4

Kvam herad ynskjer at forskrifta vert tatt opp til ny revisjon og vurdering kvart andre eller kvart 3 år for å vurdere effekten av forskrifta.

Eldrerådet dreg i tvil om forslaget til forskrifta går langt nok i å råde bot med å ta vare på villaks og sjøaure i Hardangerfjorden. Maksimal tillatt biomasse for oppdrettsfisk synes fortsatt alt for høg.

Lista inneheld sentrale dokument som det er referert til eller sitert frå i saksframstillinga:

JournalID	Journaldato	Tittel	Avsendar
08715459	23.09.2008	Uttale vedrørende Hardangerfjorden, forslag til forskrift	Lingalaks AS
09/14953	21.08.2009	Høyringsbrev- forslag til forskrift om særskilde krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden	Fiskeri- og kystdepartementet

For å opne dokument det er referert til i tabellen må du klikke på lenka under her.

Skriv så inn JournalID i søkefeltet DokumentID og utfør søket.

http://www.kvam.no/innsyn5/wfinnsyn.aspx?response=journalpost_sok&simple=false

x

Alternativ 2. Fiskeridirektoratet vurderer alle løyve som er knytt til lokalitetar i Hardangerfjorden ut frå visse kriterium, som ansiennitet, høve til å flytte ut av fjorden og kor stor del av gitt biomasse som er brukt i fjorden dei seinaste tre åra før frysvedtaket.

Erstatning.

Reduksjon av MTB kan medføre at nokre verksemdar blir nøydde til å flytte eller redusere heile eller delar av verksemda si. Kostnadane må anten dekkast av staten eller av oppdrettarane. Staten vil ikkje ha erstatningsansvar i ein slik situasjon fordi råderettsinnskrenkingar ikkje er erstatningsbetingande.

Departementet presiserer at MTB som ikkje kan nyttast i Hardangerfjorden, kan nyttast på klarerte lokalitetar i region Vest som ikkje er omfatta av verkeområde til forskrifta.

Brønnbåtar og transport av fisk

Ikkje noko nytt, men tilsvarende i hovudsak §§ 7 og 8 i forskrift frå 20.november 2007 nr 1315 om sone for å hindre smitte og bekjempe pankreassjukdom hjå akvakulturdyr. Det nye vil vera å vurdere søknaden om flytting opp i mot spreing av lakselus. Etter § 8 kan Mattilsynet stille vilkår for å godkjenne flytting av fisk.

Ikraftsetjing og oppheving av forskrifta

Forslag om at forskrifta trer i kraft frå 1.januar 2010.

Forskrifta vert oppheva når miljøtilhøva i Hardangerfjorden igjen kan forsvare auka oppdretteverksemd.

Økonomiske og administrative konsekvensar

For forvaltninga.

Auka fokus på kontrollar og større sakshandsamingsbyrde på Fiskeridirektoratet og Mattilsynet. Nye havbruksløyve vert tillagt fylkeskommunen. Tilbaketrekking og endring av løyve vert tillagt Fiskeridirektoratet.

For næringa.

På kort sikt-auka utgifter og byrder for oppdrettarane, på lang sikt betre sjukdomstatus.

For miljøet

Positive effektar på ville bestandar av fisk og miljøtilhøve generelt i Hardangerfjorden.

Frist for merknader er sett til 18.november 2009.

Vurdering:

Forskrifta er ein konsekvens av tilhøva i Hardangerfjorden, der både forsking og forvaltninga er samde om at lakselus og rømt oppdrettsfisk er av dei viktigaste årsakene til problema for vill laks og sjøaure i fjorden.

Føremålet og konsekvensane med forskrifta bør på lang sikt vera positivt både for miljøet og for oppdrettsnæringa, då betre fiskehelse også gjev betre økonomi for oppdrettsnæringa.

Kvam er ein av dei kommunane ved Hardangerfjorden, der akvakulturanlegga ligg tettast. Dette gjeld i stor grad laks og sjøaure, men det finst også innslag av torsk. I fjordbassenget i Kvam, vert det også dyrka blåskjel, medan det ikkje lengre er oppdrett av kveite i vår kommune. Mangfaldet er såleis relativt stort. Kvam herad er også ein av svært få kommunar

Framlegg til vedtak frå Kvam Sv v/Randi Storaas:

Pkt 1 – Kvam herad ser det som positivt at det vert sett i verk tiltak som kan vera med å betre tilhøve for ei berekraftig utvikling av Hardangerfjorden. *(Som rådmannen)*

Pkt 2 – Kvam herad meiner det er avgjerande at FKD legg særleg vekt på ansinnitetsprinsippet og lokalt eigarskap, ved å unngå avgrensing av produksjonen innan det geografiske verkeområdet for dei lokale verksemdene. *(Frå Kvam SP sitt forslag)*

Pkt 3 - Fiskeridirektoratet vurderer alle løyve som er knytt til lokalitetar i Hardangerfjorden ut frå visse kriterium, som ansiennitet, høve til å flytte ut av fjorden og kor stor del av gitt biomasse som er brukt i fjorden dei seinaste tre åra før frysvedtaket. *(Fiskeri- og kystdepartementet sitt alternativ 2).*

Pkt 4 – Kvam herad ynskjer at forskrifta vert tatt opp til ny revisjon og vurdering kvart andre eller kvart 3 år for å vurdere effekten av forskrifta. *(som rådmannen)*

Framlegg til vedtak frå Arne Opsahl-Engen, Krf:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Arne Opsahl-Engen, Krf trekte framlegget

Røysting:

Framlegg frå Kvam Sv fekk 7 røyster og fall mot 20 røyster

Framlegg frå Sp fekk 20 røyster og vart vedteke

HST-094/09 Vedtak:

1. Kvam herad ser det som positivt at det vert sett i verk tiltak som som kan vera med å betra tilhøve for ei berekraftig utvikling av Hardangerfjorden.
2. Oppdrettsverksemdar som har sine lokalitetar innan Kvam Herad sine grenser ligg i eit område som er svært lite påverka av lakselus samanlikna med resten av fjorden. Kvam Herad meiner også at det er avgjerande at FKD legg særleg vekt på ansinnitetsprinsippet og lokalt eigarskap, ved å unngå avgrensing av produksjonen innan det geografiske verkeområdet for desse.
3. Hardanger Fiskeforedling AS som ligg i Strandebarm hadde for 2008 tilsaman 38 årsverk. Denne bedrifta er avhengig av javn tilførsel av slaktefisk gjennom året for å oppretthalda sin eksistens. Kvam herad meiner tiltak som FKD set i verk ikkje må redusera slaktemengda, men leggja tilhøva til rette slik at slaktemengda vert minst på dagens nivå til Hardanger Fiskeforedling AS.
4. Ved å oppretthalda eller styrkja Hardanger Fiskeforedling AS sine rammevilkår i form av javn tilførsel av slaktefisk, vil ein også imøtekomma FKD sin høyring ang transport av levande fisk. Ved å tryggja bedriften hindra me at fisk vert flytta over store områder, men sikra slakting lokalt. Dette er bærekraftig forvaltning og i tråd med næringa sin eigen PD bekjempelsesplan, der ein legg opp til minimal transport av fisken i driftsfasen.
5. Kvam herad ynskjer at forskrifta vert tatt opp til ny vurdering kvart 2 eller kvart 3 år for å vurdere effekten av forskrifta. Kvam herad meiner også at FKD må leggja press på elveeigarlag, oppdrettarar og andre partar til å samarbeida for å sikra levevilkår og auka oppgang av villfisk i elvane i Hardager..